



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 21.08.2014
Vår ref.: 2014/14001-14
Saksbehandlar: nilvetl
Dykkar ref.:

Nytt inntektssystem - verknader for Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har sett på verknadene av nytt inntektssystem slik forslaget går fram av Kommuneproposisjonen - Prop.95 S (2013-2014).

Fylkesrådmannen legg ved to notat som peikar på faktorar som gjev urimelege utslag for Hordaland fylkeskommune. Det eine notatet – Nytt inntektssystem –verknader for Hordaland fylkeskommune – utarbeidd til fylkesordføraren – går gjennom inntektssystemet generelt og peikar særleg på kriteriet som er nytta for buss/bane delen av sektornøkkelen kollektivtransport og fylkesvegar.

Buss/bane

I proposisjonen er det peika på at det nye kriteriet «Innbyggjarar pr km off. veg (utover 16)» på ein betre måte enn det tidlegare storbykriteriet fangar opp kostnadene i tettbygde strøk. Etter fylkesrådmannen sitt syn samsvarar ikkje dette med at fylkeskommunane med dei tre største byane etter Oslo vert lågt rangerte etter dette kriteriet. Det kan dermed sjå ut som kriteriet ikkje er treffsikkert nok. Ein ber departementet difor særskilt vurdere om kriteriet «Innbyggjarar pr km off. veg (utover 16)» fangar opp høg befolkningskonsentrasjon slik det vert hevda i kommuneproposisjonen.

Fylkesrådmannen viser elles til det vedlagde notatet.

Båt/ferje

Det andre notatet som ligg ved er utarbeidd av Skyss – den fylkeskommunale eininga som har ansvar for kollektivtransporten i Hordaland. Dette notatet gjeld kriteria som er nytt for båt og ferjedelen. I notatet vert det peika på det urimelege i at ein nyttar driftsutgifter pr innbyggjar i perioden 2010-2012. Hordaland fylkeskommune sine kostnader med båtrutedrift har auka vesentleg sidan 2012.

Fylkesrådmannen meiner at – om rekneskapstal skal leggjast til grunn – må utrekningsgrunnlaget årleg justerast slik at endringane over tid vert fanga opp.

For ferjedrifta vert det peika på at talet på ferjesamband – som til no er nytta som kriterium – bør utvidast slik at fleire faktorar ved ferjedrifta vert rekna med. Skyss har i notatet m.a. peika på følgjande faktorar som bør vurderast ved utarbeiding av ferjekriteriet:

- Km/time-produksjon i ferjesambandet
- Frekvens i ruteproduksjonen/talet på avgangar
- Talet på ferjer i sambandet

- Miljøkrav
- Krav til beredskaps- og reservefartøy

Fylkesrådmannen vonar departementet vil ta omsyn til dette i det vidare arbeidet med det nye inntektssystemet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.